



Lars Eik Breirem er ein svært lovande turnar.

Det er rundt eit halvt hundre år sidan Åge Storhaug kjempa mot verdseliten i turn, og Harald Wigaard fekk beste norske plassering i Tokyo-OL i 1964 då han vart nr.5 i bøylehest. No opplever norsk turn ein ny opptur med 3 deltakarar kvalifisert til VM. I tillegg er det ein 18-åring, med godt med Uskedals-blod i årene, som pustar desse 3 i nakken.

18 år gamle Lars Eik Breirem frå Stord har hatt ei svært god utvikling dei siste åra, og han har vunne sin klasse, kl.3/17-18 år, i dei 3 første stemna i Norges-cupen denne sesongen. Det er finale i Norges-cupen i Bergen om ca. 3 veker, og Lars har dermed svært gode sjansar til å vinna samanlagt.

Lars har turna aktivt i 9 år. Han er og har vore treningsivrig noko som er heilt nødvendig for å nå opp i den svært krevjande idretten. Han likar seg godt i turnmiljøet på Stord der han no er den beste av dei vaksne turnarane. Han har reist mykje rundt på turnstemne opp gjennom åra. Han er også turndommar.

Bestefar til Lars er Årstein Eik som vaks opp på Kjærland, og som var eit friidrettstalent i ungdomsåra. Vi hugsar han som ein sprintar i Sunnhordlandstoppen i ei tid då regionen fostra mange gode friidrettsutøvarar. Årstein er no nyslått pensjonist, busett på Sunde saman med kona Åshild, slik han har gjort heile sitt vaksne liv.

Det vert spennande å følgja utviklinga til Lars Eik Breirem framover. Det er ei svært god utvikling i apparatturn i Norge no, etter mange helst magre år. Det vert interessant å sjå om Lars kan ta opp kampen med dei 3 som no skal delta i VM, og som prøver å kvalifisera seg til OL i Rio. Desse er noko eldre enn Lars.

Bestefar Årstein har gjort comeback, og er framleis aktiv. Det kan de lesa om [her](#).



Arstein Eik på veg mot mål i SPAR-løpet 2014

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat